



# Har barnet ditt auka risiko for å bli alvorleg sjuk av influensa?

**Barn med følgjande sjukdomar og tilstandar har auka risiko for å bli alvorleg sjuke av influensa, og bør få influensavaksine årleg:**

- Kronisk lungesjukdom (inkludert astma)
- Hjartesjukdom
- Kronisk nevrologisk sjukdom eller skade (til dømes epilepsi og tilstandar som påverkar lungefunksjon)
- Nedsett immunforsvar som følgje av sjukdom eller behandling (til dømes organtransplantasjon, kreft)
- Lever- eller nyresvikt
- Diabetes
- Svært alvorleg fedme
- Annan alvorleg eller kronisk sjukdom der influensa utgjer ein alvorlig helserisiko, etter individuell vurdering av lege (til dømes barn med medfødde kromosomavvik og genetiske syndrom)
- Premature barn. Risikoen er høgast for barn fødte før veke 32 i svangerskapet. Vaksine er tilrådd årleg frå dei er 6 månadar (kronologisk alder) og opp til 5 år.

## Kva er influensa og kvifor kan det være alvorleg?

Influensa er ein smittsam sjukdom og kjem av influensavirus som gjev infeksjon i nase, hals og lunger. Influensa er ikkje det same som forkjøling. Influensasymptom kjem ofte brått med høg feber, muskelsmerter, hovudverk og utmatting. Nokre barn kan kaste opp eller få diaré.

Influensavirusa gjev epidemiar i Noreg mellom oktober og mai kvart år. Influensa er særleg vanleg blant barn. I ein gjennomsnittleg influensasysesong vil 20–30 % av alle barn bli smitta. Dei aller fleste barna toler influensa godt, men barn med nokre sjukdomar og tilstandar har auka risiko for å bli alvorleg sjuke.

Om lag 500 barn blir kvart år så alvorleg sjuke av influensa at dei må leggjast inn på sjukehus. Dei fleste er i utgangspunktet friske barn, men nokon har sjukdomar eller tilstandar som gjer at dei har auka risiko for å bli alvorleg sjuke på grunn av influensa. Barn i desse risikogrubbene har omtrent 4 gongar større risiko for å bli lagde inn på sjukehus med influensa, enn friske barn.

I Noreg er det opp mot 80.000 barn mellom 0 og 17 år som høyrer til risikogrubbene for alvorleg influensa. Den aller største gruppa er barn med astma eller ein annan lungesjukdom. I tillegg er det fleire tusen barn med hjartesjukdom, diabetes og nevrologiske sjukdomar som epilepsi.

Barn i risikogrubbene kan oppleve forverring av den opphavlege sjukdomen sin, og vere utsette for tilleggssjukdomar, til dømes lungebetennelse, om dei får ein alvorleg influensainfeksjon. Dødsfall blant barn som følgje av influensa er sjeldan, men når dette skjer, er det som oftast barn som har ein sjukdom eller tilstand som gjer dei ekstra utsette for alvorleg sjukdom.

## Vaksinar er tiltaket som førebyggjer best

Influensavaksine er det enklaste og beste tiltaket for å førebyggje influensa og alvorlege følgjer av sjukdomen. Barn med risikotilstandar bør difor få vaksine kvar haust.

Fordelar ved å ta influensavaksine:

- 6 av 10 vaksinerte er verna mot influensasjukdom
- Influensavaksine reduserer risikoen for at barnet ditt blir lagt inn på sjukehus eller får ein alvorlig komplikasjon på grunn av influensa.
- Influensavaksinen kan mildne influensasymptoma hos dei som får infeksjon på trass av vaksinasjon.

## To ulike influensavaksinar til barn

I Noreg finst to ulike typar influensavaksine som er godkjende for barn: **injeksjonsvaksine** (godkjend for alle barn frå 6 månader) og **nasesprayvaksine** (godkjent for aldersgruppa 2–17 år).

Nasesprayvaksinen bør ikkje brukast av barn med alvorleg astma, aktive pustevanskar, immunsvikt eller open nase-gane-spalte. Ingen av vaksinane skal gjevast ved kjend allergi mot influensavaksine.

For barn i alderen 6 månader til 9 år, som ikkje er vaksinerte eller har fått påvist influensasjukdom tidlegare, blir det tilrådd to dosar influensavaksine med eit intervall på minimum 4 veker (uavhengig av vaksinetype).

## Kva inneheld vaksinene?

Injeksjonsvaksinen inneheld bitar av influensavirus, sterilt vatn, ulike salt og andre hjelpestoff.

Nasesprayvaksine inneheld levande, svekte influensavirus som er endra slik at dei berre overlever ein kort periode i naseslimhinna og ikkje kan overleve i resten av kroppen. I tillegg inneheld vaksinen sterilt vatn, salt, sukker og gelatin.

## Kor godt verkar vaksinen?

Effekten avheng av kva type influensavirus som forårsakar infeksjon, kor lik vaksinen er dei influensavirusa som sirkulerer, og kva vaksine som blir brukt. I tillegg kan helsetilstand påverke effekten. Effekten av influensavaksine varierer frå år til år, men ligg i gjennomsnitt på cirka 60 prosent. Nokon kan difor få influensa sjølv om dei er vaksinerte, men vaksinen kan gjere sjukdomen mildare og reduserer risiko for alvorlege sjukdomsforløp

## Er influensavaksinane trygge?

Alle legemiddel og vaksinar kan gje biverknader, men det er ikkje alle som får det. Influensavaksinar gjev svært sjeldan alvorlege biverknader. Dei har vore i bruk i veldig mange år, og dei siste tiåra har det vorte gjeve ca. 500 mill. dosar årleg.

- Injeksjonsvaksinen kan gje ømleik, heving og raudleik på stikkstaden, mens nasesprayvaksine kan gje tett og rennande nase.
- Begge vaksinar kan gje mild sjukdomskjensle, muskelsmerter og feber i 1-2 dagar etter vaksinasjon.
- Allergiske reaksjonar eller andre alvorlege biverknader er sjeldne.
- Ingen av vaksinane gjev barnet influensasjukdom.

## Kvar kan barnet mitt få vaksine?

Vaksinasjon skjer vanlegvis frå oktober til desember. Du som føresett må som regel bestille time for vaksinasjon av barnet ditt. Sjekk nettsidene til kommunen eller fastlegen for informasjon om vaksinasjon av barn. Barn som er på sjukehus eller hos spesialist for oppfølging og behandling, kan få vaksine der.

## Kva kostar vaksinen?

Prisen for vaksinasjon varierer. Snakk med fastlegen eller sjekk nettsidene til kommunen for å høyre om pris.